



Radøyvegen 745 AS

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/2306 - 17/99

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

26.01.2017

Byggesak Gbnr 74/56 Olsvoll - brakker og rubbhall - søknad om løyve til tiltak - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 002/2017

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Radøyvegen 745**

Tiltakshavar : Radøyvegen 745 AS

Ansvarleg søker : Ing. Taule AS

Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av rubbhall for vask av biler etc., samt brakke for kontor og garderobeformål. Rubbhallen har ein storleik på 150 m² BYA, brakkeriggen har ein storleik på 36 m² BYA.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.12.2016 og supplert 04.01.2017.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Olsvollstranda er definert som næringsområde.

Tillat grad av utnytting er etter reguleringsplan er 50 % BYA.

Uttalekrav frå annan styresmakt

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Det ligg føre følgjande vedtak frå Arbeidstilsynet, datert 09.01.2017:

Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med hjemmel i arbeidsmiljøloven §§ 18-9 og 18-6 sjette ledd samtykke til planene på følgende vilkår:

1. Planene for ventilasjon med tegninger og dokumentasjon etter sjekklister i veiledning best nr 444, skal sendes arbeidstilsynet snarest mulig og i god tid før arbeidet starter opp.
Jf. Arbeidsmiljøloven §§ 4-4 (1) og 18-9

Vilkårene for dette samtykket skal følges opp av tiltakshaveren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivere/leietakere, jf. arbeidsmiljøloven § 18-6 sjette ledd. Se også § 1-3 tredje ledd, i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler som regulerer utleiers ansvar.

Det ligg føre følgjande vedtak frå Arbeidstilsynet, datert 23.01.2017:

Vi viser til søknad av 08.12.2016 fra Ing. Taule AS om samtykke etter arbeidsmiljøloven § 18-9.

Følgende dokumentasjon er mottatt:

- Søknad om samtykke med opplysnings skjema, jf. sjekklister i forskrift best nr 444.

Søknaden omhandler ventilasjon i ny brakkerigg. Leietaker er RenoNorden AS.

Vedtak om samtykke

Med bakgrunn i opplysninger i søknaden og med hjemmel i arbeidsmiljøloven § 18-9 (1) gir vi samtykke til planene.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket synast ikkje å krevje dispensasjonar.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Mellombels bruksløyve

Det ligg føre mellombels bruksløyve for planering av eigedomen, sak 310/2016, datert 28.10.2016. Det mellombelse bruksløyve er gyldig fram til 01.05.2017.

Plassering

Tomten er planert på kotehøgd + 53 i samsvar med løyve sak 271/13, datert 04.09.2013. Plassering er vist i situasjonsplan datert 12.01.2016. Tiltaket er plassert innafor byggjegrænse i plan.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentlig vassverk og offentlig avløp. Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til det kommunalt vassverk og avløpsanlegg, datert 11.01.2017.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med plan- og bygningslova § 27-4.

Avkjøring til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i sak datert 04.09.2013. Det ligg føre tinglyst avtale om vegrett over gnr. 74 bnr. 21 av 20.08.2013.

Terrenghandsaming

Tomten er planert på kotehøgde + 53 i samsvar med løyve sak 271/13, datert 04.09.2013.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Ing. Taule as, org.nr. 988 103 381	S	SØK	1	Ansvarleg søker

O.B. Wiik as, org.nr. 934 122 224	S	PRO	1	Prosjektering kontorbrakker og lump
Rcontainer AS, org.nr. 991 196 484	-	PRO	1	Prosjektering plassering av bygg
Vest Oppmåling AS, org.nr. 987 321 679	S	PRO	1	Prosjektering plassering av bygg
Vetås Bolig & Eiendom, org.nr. 994 942 905	S	PRO	1	Prosjektering betongringmur og plate/fundament brakker og hall
Hole VVS AS, org.nr. 999 540 706	-	PRO	1	Prosjektering utvendig stikkledning og sanitæranlegg
Hole VVS AS, org.nr. 999 540 706	-	UTF	1	Utføring utvendig stikkledning og sanitæranlegg
Vetås Bolig & Eiendom, org.nr. 994 942 905	S	UTF	1	Utføring betongringmur og plate/fundament brakker og hall
Vest Oppmåling AS, org.nr. 987 321 679	S	UTF	1	Utføring innmåling
Rcontainer AS, org.nr. 991 196 484	-	UTF	1	Utføring montering brakker
O.B. Wiik as, org.nr. 934 122 224	S	UTF	1	Utføring montering rubbhall

*S = Sentral godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var mangelfull når den var mottatt. Manglane vart meddelt ansvarleg søker ved e-post 03.01.2017. Manglane var som følgjer:

- Føretaket Rcontainer AS har ikkje erklært ansvarsrett for utføring.

Manglane vart retta ved e-post frå ansvarleg søker av 03.01.2017.

Ansvarleg søker og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.01.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, 20-2 og 20-3 vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for oppføring av rubbhall og brakkerigg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.

2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 11.01.2017 og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
5. Tiltaket skal knytast til kommunalt avløpsanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 11.01.2017 og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
6. Overvatn frå definert vaskeplass skal førast til egna system (oljeutskiljar) som vist i situasjonsplan.
7. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.6	Basisgebyr andre bygningar	kr	<u>5 600</u>
	Totalsum	kr	5 600

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak

der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 16/2306

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle Hamre
Ing. Taule as

Kvassnesvn 33 5914

ISDALSTØ

Kopi til:

Ove Hamre

Mottakere:

Radøyvegen 745 AS